


Per Hvamstad

Fedraheimen på Tynset 1888-90

– litt om folka og innhaldet i bladet



Fedraheimstua. Tynset Bygdemuseum, Museumsparken, 2004.

Innleiing

Ved inngangen til Museumsparken Tynset Bygdemuseum ligg eit lite hus eller ei stue, kalt Fedraheimstua. Huset er ca 70 m² delt i to rom med lettvegg, med dør. Slik sett liknar det ei tradisjonell østerdalsstue, men begge romma har dør rett ut. Det er open himling, eine rommet har peis. Huset er nok bygd av gammalt tømmer, det er mye skjøtt tømmer. Vi veit lite om korleis stua eigentleg har sett ut. At huset har vori redaksjonslokale er vanskeleg å forstå i dag, Bladet Fedraheimen kom ut på Tynset 1888-90 med Arne Garborg, Ivar Mortensson Egnund, Rasmus Steinsvik og Per M. Gjørder som

drivkrefter. Dette må ha vori eit av dei merkelegaste avismiljø ein kan tenkje seg. Det vesle huset tente som redaksjon, ekspedisjon, trykkeri, bustad, undervisnings- og diskusjonslokale. Det var nokre hektiske år. Tenk om desse veggane kunne tale! Seinare vart huset vanleg bustadhus, før det i 1936 vart sett opp att i Museumsparken, slik at ein kunne fortelja om nokre spesielle år i regionens historie. Fedraheimen og mennene bak avisa blir stadig dregne fram, ikkje minst knytt til Garborgdagane og Garborg-året. Snart er det eit nytt "år". Ivar Mortensson Egnund var fødd i 1857. Det er difor god grunn til å summere opp litt omkring dette miljøet. Det er mange spor og merker



Frå Fedraheimstua, 2004.

etter dei. Fedraheimstua i Museumsparken, Tynset Bygdemuseum og Nord-østerdalsmuseet har dessutan mange bøker, blad og litt arkivalia. I tillegg kjem Kolbotnen og diktarstua på Egg. Ei stor kjelde til oppleving og forståing av tida og karane er sjølve bladet: Fedraheimen. Fedraheimen kan lesast på film eller papir. Men det er også andre spor. Fedraheimvegen der m. a. Nord-Østerdal vidaregåande skole ligg, viser omlag opphaveleg plassering av Fedraheimstua. Eit anna minne er ein bautastein i Museumsparken, ein æresbauta for det kommunale sjølstyret. Meininga var at det på steinen skulle vere viktige lokale namn. Garborg og Mortenson vart og nemnt og spørsmål om målform. Dette vart det strid av. Ei nøytral løysing vart: *"De gjeve mend som ryddet og bygde vår bygd 1937"*. Nemnast må og Aumahuset i Museumsparken med *"Ass Landhandel"*, det var til Auma Arne Garborg måtte gå, når han skulle på handel, til fots eller på ski. Auma var postadressa og mykje brukt som stasjon når dei skulle ut i verda, om dei ikkje overnatta på Steigen Hotell og brukte Lille-Elvdal (Alvdal) stasjon.

Dei siste åra er det gjort forsøk på å rekonstruere miljøet i Fedraheimstua, men det er vanskeleg. Vi veit for lite og viktige ting som var der, kan vi ikkje å

få tak i. Men eit visst inntrykk av miljøet vil ein få. Arbeidet er ein del av *"Garborg/Mortenson-prosjektet"*, som er gjennomført med midlar frå m.a. Fritt Ord, Kulturrådet, Tynset, Alvdal og Folldal Mållag. Fedraheimen, miljøet og folket rundt avisa, vil alltid vere eit arbeidsfelt for Nordøsterdalsmuseet.

Litt om slekta til Ivar Mortenson Egnund

Ivar Julius Mortensen vart fødd i 1857. Faren Morten Mortensen var frå Utby på Tynset, mora Petra var dotter til handelsmannen på Neby, Per Tangen. Familiane høyrde til dei fremste. Morten var gardbrukar på Hagerupsøyen på Plassen i Alvdal, verksgarden under Folldal Verk. Han var medeigar i verket, saman med m.a Helge Væringsåsen og andre velståande skogeigarar i Østerdalen. Han var m a ordførar i Lille-Elvdal kommune (1884-91 og stortingsmann for Venstre (1868-85) Familien budde difor i Kristiania i periodar. Ivar Julius tok artium og studerte og etter kvart kom han inn i miljøet der og Arne Garborg vanka.

I 1870-åra sel Morten Hagerupsøya og flytter til Einabu i 1879. Han kjøper fleire eigedomar og bygger opp ein bra gard med etter tilhøva mye skog. Einabu blir både tilhaldsstad og berging for Ivar, og Hulda og Arne Garborg er og mykje der. Ivar er odelsgut og tek over Einabu i 1893, garden blir ein viktig ressurs, men bringer og mange problem knytt til drift og verksemd på garden. Ivar vart aldri nokon bonde og var ofte plaga med dårleg samvit og skral økonomi, sjølv om han

i 1898 har 80000 kr i formue og 3500 kr i inntekt. Medan stasjonsmeisteren på Barkald og ei budeie måtte klare seg med 1100 kr. og 100 kr. i årleg lønn. Like etter årsskiftet får han t.d 2000 kr i stipend

Faren brukte Mortensen som etternamn, for Ivar måtte det i alle fall bli Mortenson, seinare med to s'ar. Fyrst i 1920 blir det Ivar Mortensson Egnund. Difor blir det og litt variasjon i namnebruken vår.

Bakgrunn, førjulsstri 1887

3. desember 1887 giftar Hulda Bergersen og Arne Garborg seg. Stutt tid etter flytter dei til Kolbotnen ved Savalen. Dei kjem med tog til Lille-Elvdalen stasjon og tek inn på Steigen hotell. Etter noen dagar er dei på plass på Kolbotnen. Sjøl sindige østerdølar meinte dette var på grensa til galskap, byfolk som dei var og busette seg i eit svært enkelt sommarhus. Etter ein god del strev og med gode hjelparar kjem dei i orden og kan etter kvart leve eit godt og aktivt liv der. Men isolerte var dei ikkje, det var folk og gardar rundt dei. Ivar var ofte innom, mange kom på besøk og dei var og ofte ute og reiste sjølve. Det var Ivar Mortensson Egnund som hadde gjort Garborg kjent med både Østerdalen og Hulda Bergersen. Morten Mortensen hjelpte Garborg med å finne fram til ei tomt. Ein skogteig vart kjøpt og hus sett opp. Namnet Kolbotnen var det Ivar som fann på, mot Garborgs vilje. Men framleis i dag går ein over ein kolbotten like ved grinda, når ein går inn på tunet. Garborg hemna seg med å kalle

hytta til Ivar lenger nordmed Savallandet for Nordpolen. Hulda og Arne Garborg la Kristiania bak seg. Arne reiste òg frå Fedraheimen, bladet han hadde starta i 1877. Fedraheimen var talerøret til Garborg med klart program og målsetting og aktivt i bruk. Ekspedisjonslokalet var hos boktrykkar Nikolai Olsen, Stortovet 6, mens redaksjonslokalet var i Pilestredet. Ivar Mortensson Egnund kom tidleg med som medarbeidar, han hadde vort cand theol og skulle sikre abonnentar. Det gjekk likevel galne vegen. "Bladstyrar Ivar Mortenson, kand theol" strevde med Fedraheimen, det var mykje arbeid å skaffe stoff. Han og Garborg skreiv det meste, men det var enda verre å sikre seg betalende lesarar. Også før flyttinga i desember 1887 var begge to lange stunder i Nord-Østerdalen, men arbeidde og med stoff til bladet. Frå denne tida kjem Kolbottenbrev, fyrste gong i 1885. og Ivar Mortensson skriv "*Fraa Savala*" som går over mange nummer. Dei kunne og kvile ut, fiske og samle krefter på setra ved Børsjøen og skrive dikt i gjesteboka. Men Fedraheimen var alltid der og skulle ha sitt, som i 1878: "*Her laag eg 8 Dagar i Ro, aat og drak og var glad. Eg fiskad, skaut Bom, sleit sund mine Sko og skreiv fyr mitt arme Blad*" Slik er det også på Kolbotnen i september 1887. Garborg skriv ein stemningsapporport frå det som må kunne kallast eit redaksjonsmøte i Fedraheimen. "*Det er kveld no....Ute er det svart som i Avgrunnen.. Det har rignt i Ettermiddag. – Ivar og eg er inne... Gryta heng paa Skjerdingen; Meininga var; at me skulde ha Havre-grynsgraut. Det var Gjestebodskost heime paa Jæren. Det er eg sjølv, som*

stend ved Peisen og rører i Gryta ..., sveitt og arg; dette her vert alder Graut av, murrar eg og bannar. Uppe ved Skrivebordet sit'n Ivar og bryt sitt haarsnaude Hovud jammerleg -: han skal ha Fedraheimen full til Laurdagen, men hev ikkje "Mat til Guten", alle hans Greidur ligg heime i Nordpolen ... og so veit han ikkje noko aa finna paa i Farten. Set meg paa noko du. Kom og kok denne Grauten for meg daa, segjer eg, so skal eg skriva ei Spalte til deg ... no er det han, som sit der burte og rører i Grauten, og eg sit og strævar og skal laga ei Spalte. Det var heitt der burte ved Gryta, men aa lage ei Spalte av ingenting er ikkje lett det heller." Men spalte og graut vart det og "sidan Toddy".

Somme gonger kunne dei og skrive om dramatiske lokale hendingar. I 1887 om postkjøraren i Lille-Elvdal som vart stoppa av ein mann som skar av taumane, men postkjøraren visste råd, han trekte revolvaren "daa pillad Fanten seg unna og inn i skogen, trur han såg ein til. Vone dette vert ettersett godt, så denne Ferdsvegen ikkje vert utrygg".

I november 1887 kunngjer redaktøren at "Fedraheimen, radikalt, kristelegt Maalblad, kjem fraa Nyaar 1888 ut på Tynnset ein Gong om Vika".

Før avreisa til Tynset får bladet revurdert program og skal vere: "Eit Blad aat det norske Folket. Fedraheimen vil ha Bonden og Arbeidaren fram, Kyrkja fri, Forsvarssamlag med Sverik utan Konge, Røysterett for alle og meir Sjølvstyre i Bygd og Fylkje, mindre Stats- og Embætsvelde, Sparepolitikk i alt so nær som Opplysningi." I ein større artikkel blir programmet presentert. Det er eit oppgjer med dansk mål og kultur "Nyt Maal for nye Tankar det er Maalsaki del". Dansken "kunne bera Jaabæks Sparetankar og

Sverdrups Frasar og Bladheimens smekjande Bondegjøling", men var ikkje noko for dei "som vil hava nye Tankar, ein moderne Kultur og radikal Politikk" Fedraheimen vil halde fram og vera "bondelugum" også etter flyttinga "paa Landet med alle sine Tøtur, uppi den store vide Bondebygd" (Tynset). Om politikken i programmet understrekast: "Me vil ikkje anten drepe Svenskar elder hervinna Sverikje, me vil ikkje drepa anten Kongar elder Prestar. Me vil ikkje preika Revolusjon. Me vil bruka lovlege Midlar ... dømer sakene som kjem opp innan politikk, union og kyrkje ut fra vaare Synsmaatar, dømer eller fordømmer ettersom de tener formålet vi har satt oss. For me vil alltid stydja mest det Parti, som arbeider mest til vaar Bate. Og det er det reine Vinstre. Men me hev det saa lagat allstødt, at me freistar aa tukta upp vaare Vener. Dei hine vyrder me ikkje".

I siste desembernummeret tek han endeleg farvel. "Og so Farvæl Kristiania og Takk for meg i alle dei Aar, du hev plågat meg. Du gamle Øla, du eiertungad Nidhogg! Hav det so godt for deg sjølv. Du fekk ikkje noko Tak paa meg" og så slår redaktøren fast med uthava skrift: "Ingen som er skuldig Bladpengar, fær Fedraheimen paa Nyaarel". Det var visstnok 300 tingarar som fekk vere med til Tynset

Fedraheimstua og folket der


Då Rørosbanen kom i 1877, kom Nord-Østerdalen nærare resten av landet. Banen gjorde det lettare å nå ut og gjorde det mogleg å gi ut avis med heile landet som marknad, og å få tak i folk og utstyr.

Garborg hadde Kolbotnen, Fedra-

heimen måtte også ha ein stad å "bu". Det vart om lag same slags husvere. Ivar Mortensson Egnund hadde slekt og kjente på Tynset. Lensmann H. Sandvoll hadde eit lite tømmerhus, omtalt som Furulund, som vart lokale for Fedraheimen. Innimellom kan ein få inntrykk av at Ivar Mortensson Egnund åtte huset. Vi veit eigentleg ikkje så mye om huset. Men vi får nokre glimt under Fedraheimtida, det var skrivande folk som har etterlate seg nokre skildringar. Huset blir redaksjon og ekspedisjon, innimellom også bustad for redaktøren. Men Ivar Mortensson Egnund hadde også hytte ved Savalen, Nordpolen og heime på Einabu. Han redigerer bladet åleine frå januar 1888 til april 1889. Arne Garborg skreiv i bladet og tok seg ofte ned frå Kolbotnen og leverte stoff. Som vi seinare skal sjå, var han ein produktiv skribent. På Tynset hadde dei ikkje noe trykkeri. Fedraheimen vart trykt på Røros, i Fjell-Ljom, så det var bra å ha Rørosbanen. Situasjonen for Fedraheimen vart ikkje mykje betre på Tynset, det var hardt arbeid med å skaffe stoff og som før, ikkje minst betalende abonnentar. Ivar Mortensson Egnund gjekk også lei, men både han og Arne Garborg var optimistar på vegne av bladet. Det måtte dei vere, skulle dei få avlysing. På etterjulsvinteren 1889 skjer det ei endring. Rasmus Steinsvik blir ny redaktør. Frå Tynset skulle han dessutan halde fram å redigere "Vestmannen" som han hadde med seg frå Volda. Men dei slo enda større på, no skulle "Fedraheimen" og "Vestmannen" trykkast på Tynset! Boktrykkar P. M. Gjørder fekk oppdraget. Han hadde trykkeri, som han hadde laga saman med ein

lokal smed. Han vart så glad for jobben og for å tene pengar, slik at han kunne fø ein famlie. Han gifta seg med kjæresten Anna Brudevoll. Med kone, trykkepresse og lærlig, Rasmus Fjærtøft, kom han til Tynset. Mannskapet bak Fedraheimen hadde vakse og endra seg: Steinsvik redaktør, Gjørder trykkar og Fjærtøft lærling. Anna Gjørder hadde og ei viktig oppgåve, stelle mat og bake brød. Men Mortensson og Garborg var likevel ikkje langt unna, når dei ikkje var ute og reiste.

6. april 1889 er Steinsvik og Gjørder på plass. Nummer 14 av 3 aarg. (trykkfeil for 13. årgang) av Fedraheimen kjem: "Bladstyre av I. Mortenson og Rasmus Steinsvik. P. M. Gjørders Bogtrykkeri", seinare P. M. Gjørders Bog- og Accidenstrykkeri. Fyrste nummeret er seint ute, boktrykkaren hadde tinga ny skrift som vart forsinka. Avisa måtte difor delvis trykkast med gotiske bokstavar.



Prenteverket. Foto: Sunnmøre Museum.

Korleis opplevde dei nye møtet med Fedraheimen?

Rasmus Steinsvik skildrar sitt møte med Tynset: "Kom kl 5 ein kald vintermorgon" Han fann etterkvart fram til "Huset som ligg einbølt i ein rudning. Som ei husmannshytte. ... Kanskje noko større". Etter å ha banka tre gonger, utan at nokon svarar, stig han inn. "Eit langbord stend etter golvet, haugar av blad og bøker rundt alle veggjer. Og der stend ei seng med ein feld i (der ligg han Ivar)." Ivar spør om Steinsvik synes det er kaldt. "Legg eg godt i svarten, kan det bli fire grader, bortved ovnen ja" Men Steinsvik er oppteken av prenteverket som må ha det varmt, både maskin og folk. Men da Ivar får høre at dei er to, har han straks løysinga: " – dei kan vel liggje i ei seng." Ivar kjem seg opp or fellen, kveikjer opp i omnen, set Svarte-Lars på og ei panne med amerikansk flekk, rører i mjøl med ein pinne, svart som kol. Ivar serverer sluring.

P. M. Gjærder har fortald om møtet sitt med Savalguten og tida i Fedraheimen:

"Her på Tynset i ei svær timberkøye som hørde Savalguten til, vart no både prenteverk og mannskap installert. I eine hyrna var "kjøken". Der budde Gjærder og den unge kona hans. I andre enden av romet var "redaksjon" og "ekspedisjon". Der heldt Steinsvik til. Resten av romet fekk prenteverket. Me budde i "koven og kona mi styrde huset åt oss" fortel Gjærder.

Den unge husmora kunne kunsten å klare seg med lite Og so kunne ho å bake brød Direkte naud leid dei ikkje. Seinare budde me (Gjærder) i eit anna hus på garden (Sandvold). Men pren-

teløn var det dårleg med. "Kom det inn ein tvokroning, laut Steinsvik få han til papir og porto, so det vart lite eller inkje att på meg" skriv Gjærder. Om sundagane hadde dei ofte "vitjaturar til kvarandre og mang ei hyggestund hadde dei i lag". Tynset-tida var alt i alt rik og "uneleg", og det vart seinare ofte trongare i Volda då Gjærder kom dit med prenteverket sitt.

Trykkerilærlingen hører vi ikkje så mykje til, men han må ha budd på bygda.

Men det skulle bli fleire. 15. juli 1889 kom Per Oscar Gjærder til verda. Han vart døypt 11. august i Tynset kyrkje med lensmann H. Sandvold, redaktør R.S. Stensvig, gardmannssønn Embret P. Kjølmoen, pike Marit E. Kjølmoen og sypike Marie Henriksen som faddarar.

Om programmet til Fedraheimen

Det er eit innhaldsrikt blad med mye stoff, så det krev lang lesing om ein vil ha eit visst oversyn.

I 1887 er Fedraheimen radikalt, kristeleg målblad. "Eit Blad aat det norske Folket. Fedraheimen vil ha Bonden og Arbeidaren fram, Kyrkja fri, Forsvarssamlag med Sverik utan Konge, Røysterett for alle og meir Sjølvstyre i Bygd og Fylkje, mindre Stats- og Embætsvelde, Sparepolitikk i alt so nær som Opplysningi."

I 1888 er Fedraheimen radikalt målblad, kristeleg er teke ut, men er med i presiseringa, som er den same som året før, i tillegg kjem: "Kveik i Kristen- dommen, Vern um Ægteskaabet, Ret for Mindretalet", tre viktige saker, ikkje minst for Garborg.



Tynset, flommen 1888. Midt på bildet Tangen, Neby, fødestaden til mor til Ivar M. Egnund.
Fotograf ukjend. Reprø: Nordøsterdalsmuseet 110073.

I 1889 har Fedraheimen vorti "Radikalt Arbeidarblad" og skal "stri mot Pengevelde, Prestevelde, Statsvelde. Han (Fedraheimen) arbeidar for, at Folk skal faa tenkje og tala fritt og stelle seg, sovitt moeleg, som dei sjølve vil, og for at Arbeie skal vera Herre over Kapitalen." Det er Ivar Mortensson som er bladstyrar og Arne Garborg skriv i bladet. Rasmus Steinsvik tek vekk programerkæringa på fyrste sida, men beheld *Radikalt Arbeidar-bla*.

Sist på 1889 fortel redaktøren at Fedraheimen neste år vil komma med mange tankevekkande og morosame forteljingar frå bondelivet og Savalguten skal som før skrive i bladet. "Likar du norsk mål, og vil du arbeide for sjølvstyre, tankefridom, og rettfærd og brorskap og folkelegheit og ærlegdom i alt, og for ein djupare og sunnare moral, så må du støtte Fedraheimen". Men så må folk som ikkje vil fornye abonnementa seie i frå,

så Fedraheimen slepp unødvendige utgifter, og heller kan bruke pengane til ved: "Det er kaldt på Tynnset no, det gjeng hardt på veden".

Litt meir om innhaldet frå Tynset-tida

Det er interessant å sjå litt meir på innhaldet, for oss i denne omgang særleg dei åra avisa kom ut på Tynset. Det er mange sider, godt og vel 200 tettskrivne sider.

1888 årgangen

"Bladstyrar: Ivar Mortenson, med Savala, kand.teol. Arne Garborg skriv i *Bladet*". Arne Garborg er ein svært aktiv medarbeidar, hugs det er berre nokre måna-

der sidan dei busette seg på Kolbotnen. Fyrste bidraget kjem 13. januar, det er eit Kolbottenbrev datert 3. januar 1888, om livet på Kolbotten. Han ønskjer dessutan Fedraheimen velkomen til Tynset, "no vert det Kulturcentrum her" med likeså bra kultur som Kaninkulturen nede i Gausdal (Bjørnstjerne Bjørnson). Utover året blir det litt om litteratur, noko om tilhøvet til Bjørnstjerne Bjørnson, men svært mykje om samfunnsspørsmål. Det er naturleg sidan det er i val i 1888. Tilhøvet til Venstre og Johan Sverdrup får stor plass. Garborg slår fast "det er med Sanning sagt, at Fedraheimen no um Dagen er det einaste Bladet i Landet, som driv fullgreid Vinstrepolitikk." Garborg kjempar for "Det sanne Vinstre" med stemmerett for alle "Sjølvhjulpne" og oppmoding om eigne lister i alle valkretsar der venstre er i mot allmenn stemmerett og vågar tale beint fram om det som folk tenkjer om unionen med Sverige. Sjølv om Garborg hadde reist frå Kristiana laut han innatt og sender samstundes rapport frå Stortinget. Det er ikkje noko oppløftande møte. Ei ny sak som dei vil ha fram er bygdeting, der Stortinget skal legge fram lovsaker og dessutan uttala seg om skattar og løyvingar. Dei vil ha det som i Sveits, folket sjøl skal styre også med lovgjevinga. Fedraheimen er og aktiv med i den lokale valkampen. Mortenson og Garborg er med i Tynset Venstre som vedtek valprogram: "Hevding av parlamentarismen. Aalmen røystrrett, Mistillit til Sverdrups Regjering. Sparepolitikk (i alt so nær som i Upplysningsvegen) Nedsætting av Embættsløner, Inndraging av Embætte som ikkje trengst. Inndraging av Statshjelp til høgre Skular,

Offentleg Pensjonering av alle Folkelag paa Grunnlag av Sjølpensjonering, Folkevalde Prestar paa fast Løn. Lov um Kyrkejdørsopning, Serskilt norsk utanriksministar, Direkte val, Direkte Skat, Minking av Kongeløn og Kongevælde. Dette er program som venstre over heile landet skulle vere tent med". Etter kvart som valet nærmar seg, blir diskusjonen hardare, Garborg vil ha bort Gamal-mannsvælde: "Alt gamalt hev vore gildt her, gamle Truer og gamalt Flesk; Ungdom og Tiltak hev me vore rædde som det vonde". På Stortinget sat tynsetingen, bankkasserar Lars Hektoen, som og var ordførar, han ville Fedraheimen ha vekk. Han fekk ei lang Syndetavle i bladet: Han var imot allmenn stemmerett, imot viktige sparetiltak, stemte mot Garborg som statsrevisor, imot diktarløn til Alexander Kielland, ville ikkje hjelpe fram folkeleg musikk og kunstsans. Han kunne ikkje veljast: "Han hev ikkje Syn for Aandsfridom som er aa kalle Storsaka i dette Aarhundra. Han hev ikkje Sans for Kunst og Bokheim. Han er imot Arbeidarsaka og almindeleg Stemmerett". Oppfordringa var klår: "Støyt ut or Stortinget desse: Aust-Oppland: Hektoen, Vest-Uppland: Kind, Jørstad, Vold, Sør-Uppland: Egge, Jacobsen." Dette var sentrale venstremenn frå Opplandene. Val av valmenn var viktig. Tynset venstre hadde sett opp: M.L. Reten, N.M. Vangen, P.E. Østigaard, E.J. Strømseng. Det var sterk oppfordring til å stemme på desse, og ei oppmoding om å sette sak over person. Fedraheimen trudde at N.M. Vangen var i faresonen på grunn av "Kommunehusgreida". Om tynsetingane var sinte på han, så måtte dei avsette han ved kommunevalget og ikkje nå. Ivar Mortenson kom med ei spesiell

oppmoding til folldølane: *"Folldøler! Møter De ikkje opp alle Mann paa Valdagen iaar, er det mest sikkert at Høgre vinn. For Høgre nedi Bygda har funne upp nye Raaer og kaller seg "de moderate" i aar og lokker dermed mange veike Sjæler"*. Ivar Mortenson ville ha Garborg på tinget. I artikkelen *"Kven skal vi velje i Hedemarkens Amt"* blir Garborg lansert. Av dei gamle er det berre Konow og Engelhardt som er brukande. Av nye Menn er ein sjølvskreven: Arne Garborg, men noko moderat og opportunistisk. Faren Morten Mortensen er og kandidat og får denne omtalen: *.. endaa meir moderat enn Garborg, vilde iser repræsentere Næringsvegiene (Skogdrift, Bergverksdrift, Foldalsbanen)*. Av dei unge har han god tru på lærar T. Myrvang og Erik Straumseng *"dei vilde ikkje sviike den greie Vinstrepolitikk"* H. Storeng frå Kvikne kunne nok komma til å stemme bra *"men det er likt til, at det er ein veik Mann"* dessutan var han ikkje samd i programmet til Tynset venstre, det fant han *"noget dristig"*. Rapport frå valet i kyrkja, 90 % frammøte, men : *".. naar ein saag utover Forsamlinga maatte ein hjarteleg sanne, at her er Gamalmannsvelde: Men Tynnssetgamlingane er likevæl ikkje so gamle i Hug som dei ruver utapaa. Nye menn vart oppsette til Valmannsemne"*. Dei vraka ikkje berre *"dei gamle Oftedølene ... men ogso Ny-Oftedølene, ja alle som ikkje tykte vera hugheile og fullgreie Karar. Fritenkjaren Arne Garborg vart dei alle samstemte um at dei laut hava. Var ikkje det godt aat Jakob Sverdrup?"*

Ivar Mortenson Egnund fekk med seg Nord-Østerdalen, men da dei var komne på valmannstinget på Hedemarken og skulle velje, gjekk det ikke bra.

Garborg fekk berre ei stemme, Morten Mortensen si. Han sto også på lista. Etterpå kjem det til diskusjon mellom Garborg og Ivar Mortenson Egnund. *"Ja for Savalguten er ikkje alltid sætande. Han er ein fælt gild Kar som me alle likar, men i ei Aaltvors Tak kan han vera leid aa ha med seg, fordi han hev for mykje Gjeite-Natur" ... rett som det er, so kan det hende, at Savalguten fær Grillur..... so gjeng han etter den, um han aldri so mykje veit, at det ber paa Sjøen..... Han tykker det er moro sju"*. Garborg syner til Mortenson Egnunds arbeid for å få han som tingmann var like håplaut som å *"setja up Hans Jæger i Kristiania"*. Å stemma på Garborg var å kaste bort stemma si. Morten Mortenson stemte på han, av di han av juridiske grunnar ikkje kunne stemme på seg sjølv og moralske ikke på Storeng, av di Venstre i Lille-Elvdal var imot. Tynset-valmenne stemte på Storeng, det skjønna Garborg. Men han er hard mot Storeng: *"Eg hev aldri sett ein Mann vera so redd for aa ha ei Meining, han vrid seg unna i Aalmenn-Setningar stødt. ... so er det'kje sagt han blir likare han enn Hektoen"*. Mortenson Egnund svarar: *Tingmannsemne Arne Garborg var det ikkje noko vidare Godlaat i han er furten, ikkje fordi han fekk berre ei Stemme til Tingmann, men fordi Folk vyrde'n so mykje at dei vilde hava han paa Stortinge* *Meninga mi med aa arbeide for G. var aa faa nordre Østerdalen til aa lyfte Framtidspolitikken Fane. Garborgs Navn var det beste Samlingsmerkje"*. I eit siste innlegg er Garborg vonbroten over at Morten Mortensen ikkje kom innatt på tinget.

Etter at valet er over er det diskusjon om den nye skulelova og omtale av Maalmannsmøtet i Bergen. Ivar

Mortenson Egnund er oppteken av "Kor mykje vinn me av Politikken i desse Triaara tru" og vil ha "Nye Samanslutningar, andre Partiskipnader enn det Høgre og Vinstre som no er". Her er dei nye arbeidarsamlaga viktige. Det er møte i Arbeidersamlaget for Aust- og Vestoppland på Gjøvik i desember, og han ivrar sterkt for at fjellbygdene i Valdres, Gud-brandsdalen og Østerdalen må sende utsendingar dit. Sjøl er han utsending frå Nord-Østerdalen, han gjer seg gjeldande i debatten og legg fram krav om at dei som skal leie det nye samarbeidet må kunne "leve av si Arbeidsløn, ikkje større Eigedom eller Forretning, enn at dei sjølvve maa arbeide med for aa liva, ikkje ha over 2000 Kr i aarleg Inntekt". Framlegget møtte motstand og vart omtala som "eit Slag i Andlite for Arbeidarsaka". I styret vart det ein grosserar, ein overrettssakfører, ein byggmeister, 2 bønder, ein lærar og ein arbeidar. Det var ikkje mange som var samde med Mortenson Egnund. Men han har ikkje tenkt å gi seg: "I eit Aar hev eg no slegjes paa Tynnset og vunne meir, enn eg kunne vone. No vil eg åpne Krigen i vidare Ringar. So langt Ski og Høve elles kan bera meg i Aust- og Vestuppland vil eg no fara og preike den nye Fridomslæra". Han har stor tru på seg sjøl: "Eg skal væl faa Vantrua utav Folk, de tarv aldri syte for det".

Garborg er oppteken av å verne om ekteskapet, og går hardt ut mot dobbeltmoral som m a fører til prostitusjon "Barne-Lik finn dei snart kvar Dag no inne i Kristiania. Naar saa det moralske Samfund hev fengje fat paa dei arme Mødrane og sett dei paa Tugthuse, so er alt gjort, som kann gjerast. Aa tenkje, etter kva

det maa vera for fæle Tilstand, som driv Mødrar til aa slaa ihel sine eigne Barn, - det er "umoralsk". Somme av brukarane avprostituerte er ektefolk. Garborg er oppteken av innhaldet, tilhøva i ekteskapet, m a sereige i ekteskap.

Ekteskap arrangert av foreldra, for å sikre og skape alliansar og eigedom var ikkje uvanleg, heller ikkje i bondesamfunnet:

"Idyl 25/5

Høgt ligg Tynnset Kyrkje; tungt rullar ho sine Malmtonar utover den vide Bygd

Er det Likferd? Ei

Det er Brudferd

Mjukt syng Malmtonarne utgjennom Dalen: det er Brudferd og Fest.

Og det kyngjer og det kimer; no veit all Bygdi det: at Samfunde og Kyrkja hev Høgtid, fordi at denne Gjenta i dag fær seg ein Mann.

Ikkje den Mannen, ho vilde ha; han hev ingenting, han, utan Levevegen sin, og so det Barne han hev havt med denne Gjenta; nei, men ein annan Mann fær ho, den som Foreldri plagad henne til aa ta; for han hadde Gard, han – ser du.

Og det kyngjer og kimer, og mjukt voggar Malmklangen i Vaarvinden og Brudferdi bugtar seg svært oppgjennom Kyrkjebakken med mange Hestar, og Presten kjem stigande i Kjole og Krage og skal signa dette Giftarmaale i Guds og den Herres Jesu Navn.

Ja. I Jesu Navn skal han signa denne Handelen, at ein Far og ei Mor tok Dotter si fraa den, ho sjølv hadde gift seg med, fraa Far til Barne hennar, - og selde henne for ein Gard til aa driva Samlivnad med ein ho; ho ikkje kunde lika, ein framand Mann.

Det skal han signa. Det kimer Klokkurne

for; dei syng Malmtonarne ut yver den brei-
de Bygdi.

– So. No tagnar Klokkeklengen. No veit
med det. Og no skal det ske. ”No gjeng dei i
Kyrkja” sejer ho Mari”.

Men det blir også litt plass til litteratur
og lyrikk, m a nokre viser henta frå
samlinga til redaktøren: *På ymse Gjer-
dom. Songane åt Savalguten*. Boka vart
trykt året etter.

25. mai står det i Fedraheimen at
”Arne Garborg held seg paa Tynnset no, til
isen gaar up paa savalen. Han hev aldri
arbeidt so godt og fjott som her til Fjells. Den
nye Boka, som kjem ut i desse Dagar (Hjaa
ho Mor), skreiv han paa tvo og ein halv
Maane. Boka er umlag 250 Sidur”. Men
vi veit og at Hulda var med, og noen
dagar seinare står det:

”Fødd 22/5; ein Son

Hulda Garborg Arne Garborg”.

Dette er nok fyrste annonsa om fød-
sel i Nord-Østerdalen. Seinare melder
Fedraheimen: ”Guten hans Garborg er
døypst Arne Olaus Fjørtoft”.

Sist på 1888 kjem ”Ned med Stor-
karane”, av fyrst P. Kropotkin, anarkis-
tisk tenkjar og forfattar. Seinare blir
det mange artiklar av han og andre
anarkistiske skribentar.

På abonnementsida må det og ha
skjedd gledelege ting: Da det kom
uventu ”mange tingarar 3 kvartal strauk
heile opplaget med slik at mange nye ikkje
fekk bladet. Nye tingarar må kome fyrst i
kvartalet”. Ein lærar ønsker at bladet
skal bli større, så ein slepp å halde eit
dansk blad ved sida av, men redaktøren
ser ikkje råd for å laga Fedraheimen

større, men betre, med fleire abonnen-
tar, som kjem etter eit greitt radikalt
program. Ved årsskiftet fall mange frå,
hadde att 4-500, men det kom nye
sigande ”so me hev over 900 Tingarar. Og
gaar det paa same Vis heretter vil Blade
snart vera ovapaa” (okt 1888).

1889. årgangen

Framleis er Ivar Mortenson bladstyar
og Arne Garborg skriv i bladet. Det er
interessant å følgje redaktøren og med-
hjelparen, usignerte artiklar er av
redaktøren, ofte også med namn. Det
er ikkje alltid like lett å finne kva det er
Ivar Mortenson skriv. Det er ikkje små-
greier av emne dei tek opp. Fedrahei-
men har no vorti ”Radikalt Arbeidar-
blad” og får takk frå ”Ein Sosialist” for at
dei har sett ”arbeidarblad” som fanemer-
ke, redaktøren svarar: ”Me er glae i
Sosialistene. Det er av dei likaste Folka me
hev”. Fedraheimen strir som før mot
Pengevelde, Prestevelde, Statsvelde.
Venstre er ikkje lenger den politiske
framtida. Mortensson og Garborg går
no aktivt inn i arbeidet med å stifta
Arbeidarlag. Mortensson blir for-
mann i Nordre Østerdalen Arbeider-
samlag og Garborg og Per Krogseng er
med i styret. Sentral aktør i dette arbei-
det var Johan Castberg på Gjøvik og
Olaus Arvesen på Hamar, som m a er
redaktør i eit ”storbondeblad på Hede-
marken”. Mortenson kjem fort opp i
strid med desse. Mortenson vil ha
arbeidarane fram i leiinga i foreninga.
Castberg var etter Mortensons meining
for rik både på eigedom og utdanning,
som jurist, med store eigedomar. Og
han tar eit drabeleg oppgjær med

Castberg og bakgrunnen hans. Arbeidar og storkar! Mortensson var rett nok teolog, men tente lite på det. Han meinte sjøl at han var på den sikre sida, i alle fall når det galdt løn og eigedom: *"Bygsel-mann på 4 mål jord, driv "Smaa-bruke" Fedraheimen og at mi Arbeidsløn ligg under Laagmaale av det Arbeidsfolk tener her i Landet, 3-400 Kr."* Så det at Fedraheimen hadde få betalende ting-arar, kunne da brukast til noko godt.

Fri doktorhjelp til alle, er ei viktig sak. Det var ikkje lett å finne gode ordningar, men til slutt vart sjukekasseprinsippet vald. Saka kom og opp i Tynset heradstyre etter framlegg frå Venstrelaget, men det blir Kvikne som er fyrst ute: *"Kvikne Bygd er ei av dei lengst framkomne i heile Lande. Der hev Formannskapet alt godkjent Tanken um, at Kommunen bør kosta fri Doktor aat Bygdefolke. Tynnset fær soleis ikkje den Æra aa vera No. 1 i dette Stykkje. Han er ikkje fullt saa snartentk og braa paa det Tynnsetingen. Berre fire Mann i Formannskape gjekk med paa det strakst, dei andre bad um Umsetjingstid til aa tenkje paa det. Men Bygdamøte paa Fåset og i Tyllidalen gokjende Tanken samrøystes"* Men ein sakfører i Fjeldljom meiner at Doktor-saka ikkje kan gjennomførast, av di: *"vi har endnu ikke Kommunismen eller Socialismen i vor Lovgivning"*. Men Mortensson minner sakføraren – Johnson – om skulelova og skatteplikten. *"Lærarane blir lønt av det offentlege ... Dette er socialismen"*.

Det er mange innlegg om anarkisme i praksis. Artikkelen *"Bergverksdrift bør vera offentleg Drift"* er interessant, den er skriven med utgangspunkt i eit foredrag *"geschwornen"* Per Mortenson hadde halde i *"Littleldalen"*. Per

Mortenson var bror til Ivar Mortenson-Egnund, seinare vart han direktør ved Kongsberg Sølvverk. Han gjekk sterkt inn for at kommunen måtte ha ansvaret for bergverk og gruvedrift og brukar Folldal som eksempel. Som vi har nemnt var faren Morten Mortensen medeigar i Folldal Verk. Per Mortenson er redd for kapitalistane, serleg dei utanlandske som kjem og *"mergestel bygdefolket. Det gjeld difor svært mykje um aa kunne skaffe Pengar fraa innanlanske Folk, um ein skal faa gjort Verke nytteleg for den, som bør ha Nyttten, Arbeidaren og Folke i Bygdene kringum"*. Han meiner at Lille Elvdalens kommune difor må koma med eit par hundre tusen kroner slik at Folldal Verk kan starte oppatt. Elles er Ivar Mortenson oppteken av folkefridomen og det lokale sjølstyret og gjer ei sammanlikning med Sveits, også i Norge må det koma meir fart i folkestyret: Kommuneval kvart år, folkevald amtmann (fylkesmann), val på amtsting, allmannamøte med avgjerd i store saker. Han innser at det vil ta lang tid, så i starten må ein kjempe for: Fri doktorhjelp til alle, kommunen, saman med stat og amt, må bidra til ei pensjonskasse for alle. Dessutan må kommunen få så stor del som mogleg i alle bergverk, gruver, fossar, skogar og udyrka jord som fins i bygda. Men det er fleire artiklar av same slaget: *"Skogane maa bli Aalmenning att, Eit gott Jordbruk, Trengst pengevelde, Sundbryting av gardane, Den kommunistiske arbeidsmåten"* og Ivar Mortenson må svare på *"Korleis eg vil innføre Kommunismen"*. Etter hans oppfatning skulle anarkistiske idear ha god grobotn i Nord-Østerdalen, her var det små skilnader. Han hadde sjøl studert gamle

samfunnsformer og ga seinare ut boka "Gamal Bondeskipnad". Han skreiv elles om "Eit gott Jordbruk" og "Erveretten", etablering av sameige, bort med kom-munskatten,

Redaktøren hadde og mange fram-legg til endring av Grunnlova, så han trong allierte på Stortinget:

"For Stortingsmenn

Eg treng ein eller fleire Stortings-menn til aa setje Namne sitt under ein Brote radi-kale Grunnlovsforslag, som eg vil ha fram. Det var Moro aa sjaa um det fins nokon urædd og fullgrei kar pa Tingé". Det kjem ros frå Vestman-nen, som Steinsvik redigerer for arbeidet med å finne fram til ein norsk parlamentarisme. "Den utøvende magt er hos regjeringen som bliver valgt af stortinget i det første aar det træder sammen efter nyt valg", regjeringa må rette seg etter folkeviljen, da treng treng ein ikkje rabalderpolitikk for å få regjeringa til å skjønne alvor, og ein kan unngå for ofte skifte av statsråder.

Frå april 1889 kjem Rasmus Steinsvik inn som medredaktør og Arne Garborg er ikkje så fast medarbeidar lenger.

Det er inga stor endring i stoffet, bladet held fram med ein lang artikkel om Pariserkommunen, men etter noen veker blir presentasjon av pro-grammet på fyrste sida borte, og det blir Radikalt Arbeidarbla utan d.

Ivar Mortenson er festtalar 17. mai i Rambu: "Men det var ingen festtale segjer folk. Det var ein stygg tale, var det. Ikkje kytte han av "Fædrenes minde", ikkje av eidsvollsmennerne, .. ikkje av grunnlova, ikkje av prestar, juristar og ikkje av bonden heller. Det einaste han var blid paa det var den franske revolusjon. Han ropte "Leve revolusjonen" Er det meining i slikt festtale-ri? Og enda var det nokre so forgjorde at dei

ropte eit 9-falt hurra".

Emne storbruk eller småbruk og "Jesu syn paa det sedelege Spursmaalet" engasjerer. "Hadde Jesus livt i Aarhundre vaart vilde væl Folk etter dette helst hava kalla Læra hans for "Anarkisme". Garborg er oppteken av pensjon til alle og syner til Opplysningsvesenets Fond og "Enkekassa" som sikrer presteenker pensjon. Like etter melder bladet at Garborg med huslyd er på veg til Tysk-land.

5. okt blir Steinsvik eineredaktør "men han (Ivar Mortenson) kjem nok til aa skriva like radt for det".

"Jord aat smaa heimar" er og eit tema som skaper stor interesse. Ivar Mor-tensson Egnund må seinare understre-ke at han ikkje ville gå inn for å dele opp gardar, men litt jord var det viktig for alle å ha. Han ville heller satse på stort omfang av sameige.

Innimellom samfunnskritiske artik-lar, finn vi og eit og anna dikt:

"Ein Sull aat Gjentom.

Dikt av Savalguten

*Du veit, at einsam eg jamnast sleng
Og aldre Hjelp i fraa nokon treng.
Men naar det stormar og bles
og turar,
Daa bilomtil kann eg sitja sture.
Ja naar d'er Aattdagar Styggever,
Daa blir eg stundom reint folkekjær.
So mangleis koma daa
Tankan fram.*

*Eg heve tvo Stogur og Fjos som
ein Sværring,
Men endaa so heve eg inga Kjering.
Men Kjering aat meg det vart vandt
aa vera,*

For ho maatt' kunne baade slaa og skjera.

Ho maatte mjølke og gjæta

Saudom,

Ho maatte stad etter Ved burti

Haugom.

So fekk eg sitje med Pipa meg

kose ...”

Ivar Mortensson Egnund er lenge ungkar, men gifter seg i 1894 med Karen Nilsen frå Fana, som var lærarinne.

5. okt blir Rasmus Steinsvik eineredaktør, men Ivar Mortensson skal halde fram som bidragsytar når han kjem heim att frå utanlandsferda.

Fedraheimen er og oppteken av syssetsetting og næringsutvikling:

”Molter, Tyting og Mysost utfører no Gudbrandsdalen til Amerika. Kunne ikkje Østerdalen og andre Dalar taka etter? Det er nok av Bonn allestad, som kunne gjera stort gang um dei nytta Hausten til Bersanking”.

Redaktøren avsluttar 1889-årgangen med ei oppmoding og von om fleire betalande lesarar: *“Fedraheimen vil i neste aar kome med fleire tankjevakkjande og morosame forteljingar fraa bondelivet. Savalguten skriv som fyrr i bladet.”*

1890-årgangen

1890 årgangen startar med ei bokmelding av *”Paa ymse Gjerdom – songane aat Savalguten, utgjeve på Tynnset; Ivar Mortenssons Forlag, Pris kr. 0,70.*

Som Forleggjar til Boka vil eg faa Lov til aa gjera litt kjend for Fedraheimens Lesarar uta at eg dermed innlet meg paa anten aa

rose eller laste. Ein fær det Inntrykk, at det einaste litterære Grunnlag Forfattaren bygger paa er Landstads Folkeviser og Bibelen, og det er ikkje berre som Etterlikning, men og som fri Nybyg-gjng ... Anten det no er Naiviteten eller Abstraksjon, nok er det Forfatteren staaar likesom reint utanom den vanlege Kulturen. Boka hans læst staa fram som ein Villmann eller Naturmenneskje mitt i eit forfina Samfund ... Sume vil seie om Boka, at ho er for einfaldig og naiv for vaare Tier, andre vil finne, at ho er for radikal”. Bok-meldinga er underteikna av IM., altså Ivar Mortenson som ikkje berre var utgjevar men og forfattar.

Det er og ein hard diskusjon mellom Fedraheimen og Per Mortenson om Jordskatten.

Er dette anarkisme ?

Alt i 1885 omtalar Morgenbladet dette som anarkismen. Det er fyrst i 1888 at redaktørane omtalar seg sjølv som anarkistar og køyrer fram Fedraheimen som det fremste anarkistorganet.

Kven skreiv i Fedraheimen

Redaktørane skriv mykje – Garborg, Mortensson og Steinsvik, dei to fyrste også som kjent mye etter at dei hadde vorti kvitt redaktøransvaret. Mortenson ville kvile seg frå bladarbeidet, men hadde lange stykke i kvart nummer og krangla jamnt med Steinsvik om det anarkistiske samfunnsidealet, som baa var profetar for. Gjærder meinte at å kalle avisa anarkistisk var heilt misvisande. Det sto ikkje lenge på for Steinsvik og Mortensson med støtte frå

Garborg, å jage frå seg mest alle dei tre hundre abonnentane som hadde følgt med på lasset frå Kristiania. Det vart ellers henta mye stoff frå andre aviser, trykte artiklar o.l. som andre sendte. Det var litt nyheter, målsak, politikk men meir og meir om anarkisme og kommunisme, dessutan omsetjing av artiklar om anarkisme frå utanlandske blad og tidsskrift. Det var mye diskusjon og avisinnlegg. Ein interessant detalj: Når ein førte diskusjon i mange blad samstundes, avslutta ein med oppmoding om å ta inn innlegget i dei andre avisene. Noen lokale skribentar var og med i diskusjonar.

Var det rom for kvinner i Fedraheimen?

Hulda Garborg ser vi ikkje noe til i Fedraheimen, det var karane som rådde her. Ho hadde guten og Kolbotnen, men etter den kjende 17. mai tala i Rambu var ho innom og skriv i dagboka si: Hulda og guten i senga, Garborg på langkrakken og M på redaksjons/ekspedisjonsbordet.

Det var noen kvinner som skreiv, men det var ingen lokale kvinnelege bidragsytarar.

Men bladet tok opp fleire kvinnesaker, sjøl om hovedsaka for bladet var stemmerett for alle arbeidsføre menn

Ein artikkel om "Gardkjerringar" underteikna -f- meiner at det er ein svært oppskrytt posisjon: "– ho har det som i den strengeste teneste, enda verre, ho har både slitet og ansvaret, og skal føde barn annankvart år". Gardkjerringene må få meir tid til seg sjøl, stelle seg og kroppen sin, ein må vera open for nye

haldningar.

Kan hende er det Steinsvik som skriv om kvinna og heimen. Kvinna må få sin rett, sjøl om det er til skade for mannen, ho må komme jamsides mannen. "Ho maa ha tankane sine i verda som han. Men daa maa ho og kome upp i slikt som driv ho inn i same verda som han. Men daa maa ho og kome upp i slikt som driv ho inn i same verda – Ho maa kome jamsides med Mannen. For kvinna si skuld, for mannen si skuld og for bonna si skuld maa ho det".

Andre inntekter

Vi har høyrte at inntektsgrunnlaget var skralt. Abonnentane var ikkje mange nok, så det var nok naudsynt med tillegg.

Det var noen annonsar:

AE Waaagsbøe med "fotografisk kunst-reiseatelier, Tønset til Kongsvinger med omliggende større bygdelag". Er det noen som har bilder tekne av Waagsbøe?.

Savalguten etterlyser: "Ei svart Hose og eit gildt breidt Brurgomshoseband, som han har mist på eller ved Skorvø" og Mons Litlere i Bergen reklamerer for nynorske bøker som og er til sals hos Fedraheimen.

Men redaktørane var karar med kunnskap og meiningar, så dei hadde tilbod om både målskole og bondeskole. Vi veit ikkje noko om korleis det gjekk.

"Bondeskule paa Tynset med Rasmus Steinsvik.

Vaksne gutar og jentur, rekning med gardsbokhald og utmaalingslære".


Seinare kjem det melding om at

Ivar Mortensson skal vera med på bondeskulen som startar på nyåret, han kjem da nett att frå Tyskland.

Nå nærmar vi oss slutten for Fedraheimen på Tynset

Er det eit signal om lengt vekk i: "Vaarteikn Sprettande bjørkekviser hev dei alt funne ymse Staer i Fjordane vaare. Paa Tynset held Kalden likevæl fast Tak endaa, i Dagmorgo var det 37 Gradar Celsius".

Redaktøren signaliserer og ei omlegging av bladet til tingarane. Han vil samle fleire nummer i ei bok og slik få meir rom til å legge fram tankane på ein god måte. Rasmus Steinsvik drar til Skien, der siste nummer av Fedraheimen kjem ut 21. mars 1891. Fedraheimen går ned med flagget til topps: Avisa blir trykt på raudt papir. Men Fedraheimen står oppatt i bladet "Den 17. Mai", med Steinsvik som redaktør og Arne Garborg og Ivar Mortensson Egnund som medarbeidarar. Nå får og Hulda Garborg lov til å vera med. Det var dessutan ho som fann på namnet.



Kva med Gjerder?

"På ymse Gjerdom Songane til Savalguten" kom ut på Ivar Mortenssons Forlag, Tynnset og "prenta hjaa P. M. Gjerder Tynsett". Dette oppdraget kosta 70 kr. Kvittringa er teken vare på. For dette oppdraget klarer P. M. Gjerder å flytte til Bergen, seinare Volda. Pressa hans står no på Sunnmøre Museum.

Per Hvamstad
Museumssentret Ramsmoen
2500 Tynset